



Lindås Tomteselskap AS
Hagellia 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/242 - 16/2948

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
02.02.2016

Gbnr137/351 Alver. Løyve til deling av grunneigedom, areal til bustad.

Eigedom: Gnr.137 bnr.351 Alver
Adresse for eiged.: Alvermarka 8, 5911 Alversund
Type tiltak: Deling av grunneigedom, tilleggsareal til bustadeigedom.
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap
Søker: Lindås Tomteselskap.

Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap eig gnr.135 bnr.351. Dette er alt veg- og grøntareal innafor reguleringsplanen for Ikenberget. Samla areal er 54,9da. Det vert no søkt om løyve til å dele frå to parsellar. Parsell A er 260m² og parsell B er 1050m². Parsellane har status som vegareal/bustadareal. Parsellane skal vere tillegg til 137/221 : «Bør inngå som en naturlig del av 137/221 ved en eventuell framtidig utbygging av denne eiendommen.» Dette skriv søker som grunngeving for tiltaket. Gbnr137/221 har frå før ein stoleik på 3800m².

Planstatus/dispensasjonar:

Arealet ligg i godkjend reguleringsplan og er i planen sett av til bustadføremål. Parsell A er ein smal stripe langs ein lokalveg i bustadfeltet. Parsell B er vegskråning i eit kryss mellom lokalvegar i bustadfeltet. Føresegnene til feltet har ikkje reglar for korleis dette fellesarealet kan nyttast. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Parsellane som skal delast frå skal leggest til eksisterande bustadeigedom 137/221. Området der tiltaket ligg er regulert. Det er offentleg veg, vassforsyning og avløp. Tiltaket fører ikkje til endringar i dei eksisterande tilhøva.

Nabovarsel:

Det er ikkje aktuelle naboar til tiltaket.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå parsell A 260m² og parsell B 1050m² frå gbnr137/351, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknaden motteke i kommunen 21.01.2016.

Parsellane skal vere tillegg til gbnr137/221.

Grunngjeving for tiltaket:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av tilleggsareal til gbnr137/221. Tiltaket ligg i regulert område (Ikenberget. Del av gnr.137. Godkjent 07.02.2002). I denne planen har arealet staus som bustadareal.

Gbnr137/351 er alt fellesarealet innfor denne planen, og i gardskartet for eigdommen er dei parsellane som skal delast frå, synt som areal for veg o.s.v. Samla areal er 55da.

Tiltaket vert vurdert til å vere i samsvar med planen, og det er ingen ting i føresegnene som tilseier at tiltaket strir mot planen.

Deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigdommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigdommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 17.12.2015 gjeldande frå 01.01.2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, grenser ikkje i samsvar med plan kr.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. I Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ